

Mal for utdanningsplaner i Helse Vest

Spesialitet onkologi

Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

Spesialitet Onkologi

Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

Avdeling for kreft, blodsjukdomar og lindrande behandling (kreftavdelinga) er ei avdeling i medisinsk klinikk, Helse Førde. Medisinsk klinikk består av 10 avdelingar. Avdelingssjef er leiar for kreftavdelinga og rapporterer til direktør for medisinsk klinikk. Kreftavdelinga har to seksjonsleiarar; seksjonsleiar sengepost og seksjonsleiar poliklinikk. Avdelingsoverlege er medisinsk fagleg rådgjevar til avdelingssjef. Legegruppa, seksjonsleiarane, fagutviklingssjukepleiar, studiesjukepleiar og palliativt team har avdelingssjef som næraste leiar.

Kreftavdelinga, Helse Førde, har ansvaret for ikkje-kirurgisk kreftbehandling for fagområda onkologi og hematologi, samt lindrande behandling i Sogn og Fjordane, eit fylke med om lag 110 000 innbyggjarar.

Kreftavdelinga består av poliklinikk, sengepost med 13 senger, herav 10 senger onkologi/ hematologi og 3 palliative senger, samt palliativt team. Kreftavdelinga har pr definisjon eit palliativt senter. Avdelinga har ein studiekoordinator i 60% still og ein studiesjukepleiar i 100 % still. Kreftavdelinga si hovudverksemd er utgreiing, planlegging, gjennomføring og oppfølging av medikamentell behandling innan fagområda onkologi og hematologi, samt palliativ behandling til pasientar i kreftavdelinga – innlagd eller poliklinisk. I tillegg kjem tilsyn og oppfølging av pasientar på andre avdelingar. Helse Førde har ikkje eining for stråleterapi.

Hematologane har det faglege ansvar for all malign og ikkje–malign hematologi samt alle lymfomgrupper. Det er laga retningslinjer for utgreiing og behandling av lymfompasientar, gjeldande internt i Helse Førde og i samarbeid med kreftavdelinga, HUS.

Kreftpoliklinikken har gode og funksjonelle lokaler. Undersøking- og konsultasjonsrom ligg i areal i poliklinikken. Nokre legekontor samt LIS-legekontor ligg i samme etasje, men anna lokasjon. Dette arealet ligg i umiddelbar nærleik til poliklinikken.

LIS – legar i kreftavdelinga har per idag hatt kontor i fellesareal saman med LIS- legar frå kirurgisk avdeling, med eigen arbeidsplass. Dette arealet ligg i umiddelbar nærleik til kreftpoliklinikken.

Alle konsultasjonsromma ved poliklinikken har kontorplass med PC, undersøkingsbenk og naudsynt tilhøyrande utstyr. Poliklinikken gir medikamentell kreftbehandling til alle pasientane i kreftavdelinga som kan få dette poliklinisk.

Av prosedyrer er det mest beinmargsbiopsiar/ aspirasjonar og blodutstryk. Poliklinikk/ sengepost har eit tett samarbeid kring den medikamentelle kreftbehandlinga slik at pasientar og/eller personale ved behov kan verte flytta mellom sengepost og poliklinikk for å få ei mest mogleg effektiv utnytting av personalressursar og areal.

Kreftpoliklinikken gir også behandling til pasientar med ca pulm og pasientar med nevrologiske sjukdomar, men behandlingsansvaret for desse ligg til indremedisinsk avd/ nevrologisk avd.

I umiddelbar nærhet til kreftpoliklinikken ligg også hudpoliklinikk, brystdiagnostisk senter og patologisk avdeling. Det er kort veg til radiologisk avdeling og andre poliklinikkar.

Kreftsengeposten vart opna i november 2008. Sengeposten ligg i 8.etg i høgblokka, i same etasje som medisinsk sengepost. Medisinsk sengepost og kreftsengeposten deler fellesareal som t.d. medisinerom, daglegstove, lager osv. I tillegg til kreftavdelinga sine "eigne" pasientar er det eit formalisert samarbeide med KK og ØNH-avd, såleis at pasientar med gynekologisk kreft og/ eller ØNH- kreft vert innlagd ved kreftsengeposten av spesialist innan fagområdet, når det er indikasjon for det. Gynekolog/ ØNH-lege har det faglege ansvaret for sine pasientar og skal gå dagleg visitt på kreftposten, med tett fagleg samarbeid med spesialist i kreftavdelinga, særleg innan onkologi/ palliasjon.

Kreftavdelinga har morgonmøte måndag til fredag kl 0800 – 0815, der alle legane i avdelinga møter, samt palliativt team og seksjonsleiarane for poliklinikk og sengepost. Dette for å sikre ein god oversikt over dagens aktivitet og justere oppgåvefordeling ved uventa fråver. Her gjennomgår ein også vaktrapport og status sengepost.

Dagleg kl 1530 – 1600 møter legane til rapportmøte, der ein rapporterer til kveldsvakta. I tillegg bruker ein dette møtet til å drøfte faglege problemstillingar, både av medisinsk og etisk karakter.

Onkologane har faste fagmøter kvar måndag og torsdag kl 0815 - 0900, der ein drøfter aktuelle case som er av felles interesse, eller gjennomgår behandlingsopplegg for einskildpasientar. Hematologane har tilsvarende møter. Onkologar og hematologar i kreftavdelinga har dagarbeidstid kl 0800 – 1600. Vakttida er kl 1600 – 1900 måndag til fredag, helg og helligdagar kl 0900 – 1400 fordelt etter tenesteplan.

Overlegane går tredelt vakt. LIS – legane har vakt på lik linje med overlegane, og har såleis alltid ein overlege til stades som er tilgjengeleg ved behov. LIS legane har fem-delt, evt fire-delt vaktteneste.

Legane i kreftavdelinga har aktiv teneste når dei har vakt. Dei har ikkje bakvaksordning eller heimevakt. Legane som har vakt har ansvar for alle pasientane innlagd i kreftavdelinga. Når legane i kreftavdelinga ikkje har vakt, er det vaktteam i medisinsk avdeling som føl opp kreftavdelinga sine pasientar ved behov og vert tilkalla ved akutte situasjonar og tar i mot alle innleggingar. Kvar ettermiddag kl 1800 er det vaktmøte/ rapportmøte der vaktteamet på kreftavdelinga møter vaktteamet på medisinsk avdeling.

Vaktteam på medisinsk avdeling består av LIS – leger som har aktiv vakt døgnet rundt + overlege som har aktiv vakt kl 08 – 16 og kl 18 – 22. Resten passiv vakt.

Beskrivelse av utdanningsløpene

Nye LIS i kreftavdelinga startar på sengeposten. Det varierer kor lenge dei har arbeidsstad sengepost, men ein går gradvis over til vekselvis å ha arbeid på sengepost og poliklinikk.

Overlege og LIS går vanlegvis previsitt/ visitt saman, dette avtales ut frå behov/ belegg. Overlege er alltid tilgjengeleg for LIS. LIS på sengepost har postarbeid som si hovudoppgåve.

På dagtid har LIS på sengepost vakttelefon.

Dei er førstelinje i kreftavdelinga til å svare på faglege spørsmål t.d. frå fastlegar og frå andre avdelingar i Helse Førde, som gjeld både onkologi og hematologi, evt også palliasjon. Dersom dei sjølv ikkje kan svare, har dei lett tilgang til aktuell spesialist som kan rettleie dei, eller evt ta over problemstillinga. Tenesta for LIS er organisert slik at det er dei sist ankomne LIS som i hovudsak deler på vakttelefonen. Fordeling av oppgåver knytt til t.d. ØH-pasientar settast opp i dagsplan, ut ifrå avtaler der alle LIS har vore involvert.

LIS tar imot alle ØH-pasientar til kreftavdelinga, på dagtid. På vakttid er det samarbeid mellom medisinsk avdeling og kreftavdelinga.

På poliklinikken får LIS etter kvart sjølvstendig poliklinikk med cyt. konsultasjonar og kontrollar, etter kvart også vurdering av tilvisingar og konsultasjon med nyttilviste pasientar. Progresjonen skjer etter avtale med rettleiar. LIS på sengepost tar imot alle elektive innleggingar til kreftavdelinga. Dette vert satt opp i timeboka til LIS. I kreftavdelinga er lymfompasientane definert til hematologane sitt ansvarsområde, men lymfompasientar er også fordelte til LIS onkologi på poliklinikk.

Lesetid og avspasering vert sett av tid til, i samsvar med tenesteplan. Der justeringar må gjerast får LIS ta igjen lesetid. Tilgang på dagleg supervisjon, og ad hoc førespurnader til overlegar, vert vurdert som god.

Multidisiplinære team (MDT – møter).

Frå 2013 har Helse Førde hatt MDT-møter innan bryst, GI og urologi. Etter innføringa av pakkeforløp har møta blitt formaliserte, der Forløpskoordinator i Helse Førde no er den som får meldt sakene i forkant av møta, og som også deltar på og koordinerer alle MDT – møta. Det er definert frist for innmelding av pasientar til møta, og det er også definert kven som har ansvar for oppfølging/ dokumentasjon i journal etter møta.

På dei ulike MDT-møta deltek onkolog fast, gjerne fleire onkologer om mogeleg. LIS deltar saman med overlege.

Brystdiagnostikk:

Faste mammae-møter kvar veke, der kirurg, patolog, radiolog og onkolog deltar.

GI – møter: Vekentleg, her møter gastrokirurg, patolog, radiolog og onkolog

Urologiske møter: Vekentleg, her møter urolog, onkolog, radiolog og patolog.

Ytterlegare etablering av MDT – møter vil bli innført om det er fagleg behov for det. Tett dialog med regionsjukehuset er godt etablert.

Sentrale samarbeidande avdelingar/ einingar ved FSS:

Medisinsk avdeling har spesialistar innan kardiologi, nefrologi, gastroenterologi, lungemedisin og endokrinologi. Medisinsk avdeling har dialyseiningar ved alle tre sjukehusa i føretaket.

Det er eit tett og godt samarbeide mellom kreftavdelinga og medisinsk avdeling, også utanom vakttid. Det er hyppig kontakt gjennom gjensidige tilsyn, og ved utgreiing. Ei utfordring er at medisinsk avdeling, Helse Førde mangler infeksjonsmedisiner. Ein løyser dette etter beste evne gjennom tett dialog med medisinsk avdeling, og kontakt til aktuelle spesialitet ved HUS ved behov. Når det gjeld behandling og oppfølging av lungekreft, får desse pasientane si

polikliniske behandling på kreftpoliklinikken, med lungelege som følger opp og er ansvarleg for behandlinga.

Læringsmål 011, 060 – 067vert ivaretatt gjennom 1 års sideutdanning ved Medisinsk avdeling, Helse Førde. Her har vi lokal avtale om rotasjon ved sideutdanning, som vert tatt før gr.1-tjeneste ved Haukeland universitetssjukehus.

Helse Førde har gode fasiliteter innan laboratorienester, mikrobiologi og blodbank. Hausten 2014 fekk Førde sentralsjukehus ny strålebeining for blodprodukter. Det patologiske tilbodet er velfungerande, med gode muligheter for dialog.

Andre viktige samarbeidande einingar ved FSS:

- kirurgisk avdeling har gastrokirurgi, urologi, mamma-kirurgi og generell kirurgi
- brystdiagnostisk senter
- nevrologisk avdeling, tett samarbeid om felles pasientar
- radiologisk avdeling
- laboratorieneste og blodbank
- mikrobiologisk avdeling
- patologisk avdeling
- sjukehusapoteket (del av Apotekene Vest) har produksjonsansvar for all optrekk til medikamentell kreftbehandling. Produksjonslokala til apoteket er lokalisert i kreftpoliklinikken, og dette har ført til eit tett og godt samarbeid.

Kreftavdelinga, Helse Førde har eit tett og godt fagleg samarbeid med regionavdelinga innan onkologi, som er Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk ved Haukeland Universitetssjukehus (HUS), Helse Bergen. Denne avdelinga har over tid også ytt naudsynt vikarteneste til kreftavdelinga i Førde, og har vore ein aktiv pådrivar og til stor hjelp i mange år gjennom den kritiske oppbyggingsfasen. Det har vore god dialog og eit løysingsorientert samarbeid mellom avdelingane på faglege utfordringar, rekruttering og organisering.

På same vis har også hematologisk seksjon, medisinsk avdeling, ved Haukeland Universitetssjukehus (HUS), Helse Bergen bidratt sterkt til oppbygginga av det hematologiske tilbodet i Helse Førde.

Kreftavdelinga, Helse Førde har også ein del pasientar som får medikamentell kreftbehandling ved lokalsjukehusa, Nordfjord sjukehus (NSH) og Lærdal sjukehus (LSH). Gjennom prosjektarbeid forankra i føretaksleiinga er det etablert eit formalisert samarbeide mellom kreftavdelinga og NSH/ LSH om medikamentell kreftbehandling.

Det er etablert infusjonspoliklinikkar på begge sjukehusa, med erfarne sjukepleiarar/ kreftsjukepleiarar og overlegar ved medisinsk avdeling som følgjer opp lokalt i samarbeid med kreftavdelinga sitt personell.

Avdeling for kreft, blodsjukdomar og lindrande behandling (kreftavdelinga) har til no godkjeningsstatus i onkologi, gruppe II med 2 år teljande teneste, ved ny ordning varighet ut i frå læringsmål.

Kreftavdelinga har godkjeningsstatus i spesialiteten hematologi, gruppe II med 1 år teljande teneste.

Kreftavdelinga er også godkjend som utdanningsstad for kompetanseområdet palliativ medisin, med 2 år teljande teneste.

I spesialiteten er det 68 læringsmål. Der av læringsmål nr. 013, 015 - 022, 025, 026, 043 og 046 – 059 og 068 ikkje kan oppnåast i eige føretak. Det vil vere behov for regional tjeneste i spesialiteten, estimert til to år.

Introduksjon av nye LIS

LIS på avdelingen får tilsendt arbeidsplan før oppstart, og informasjon om vaktordning.

Ved første dag blir det gitt informasjon om avdelinga, organisering, sjukdomsgrupper, bemanning mm, vidare omvisning i avdelinga ved utdanningsansvarleg overlege eller avd.sjef.

Det vert ordna med Id-kort, og sjekk av elektroniske tilganger, e-læringer mm. Fortløpende opplæring/ kurs ut frå behov, bl.a elektronisk kurve- og journalsystem, obligatoriske e-læringskurs.

Bruk av sjekklister ved oppstart, for nødvendig opplæring. Tilstreber at fagutviklingssjukepleiar gir informasjon om EK-handbok, elektronisk bestilling av cytostatika mm.

Opplæring i postarbeid vert gjeve i hovudsak av LIS-kolleger, eller den overlege som er på post.

Opplæring på vakt, ei vakt.

Supervisjon, veiledning og faglig utvikling.

Det skal vere høg grad av ad hoc rettleiing og supervisjon dagleg etter LIS – legen sitt behov. Det er også onkologimøter kvar veke, der innhaldet er gjennomgang av pasientkasus og planlegging/førebuing til pasientar komande veke og gjennomgang av aktuelle pasientar.

Det skal vere eitt fast planlagd møte til veiledning ca 45 min kvar 14. dag. LIS har sjølv ansvar for at veiledning vert gjennomført og skrive referat.

Evaluering av faglig progresjon i utdanninga gjennomføres x 2 pr år, i henhold til målbeskrivelse og prosedyreliste til spesialiteten.

Tilbakemelding på egnethet vil foregå fortløpende på månadleg samtale.

Kontinuerleg fagleg utvikling ved veiledning og gradvis auke i ansvarsoppgåver.

Fagleg fordjupning framgår av tjenesteplan, heile dagar.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Ved oppfylt læringsmål legges ein kort beskrivelse inn i kompetanseportalen av LIS, læringsmålet signeres av LIS og meldes så automatisk til veileder.

Læringsmålet skal anbefales av veileder og godkjennes evt /avvises av leder, etter å ha diskutert med veileder.

Ein vil etter kvart vurdere om det er behov for oppretting av ei gruppe, kollegiegruppe for evt drøfting av måloppnåing.

Teoretisk undervisning

Kreftavdelinga har eigen internundervisning kvar **tysdag kl 0815 – 0900**. 45 min (unnateke sommar/ og høgtider)

Her er det felles undervisningsplan for LIS i hematologi / onkologi, alle legar ved avdelinga deltek på denne undervisninga. LIS har hovudansvar for å fastsetje program, få forelesarar, og fordele forelesingar på LIS sjølv.

Det er tilbod om videooverføring til Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus som del av den interne samhandlinga.

Kreftavdelinga deltek på overført internundervisning fra Kreftavdelinga, HUS via videokonferanse, **onsdagar kl 0800 - 0845**. Her deltar også hematologane + LIS hematologi der det er relevant.

Innan hematologi kan kreftavdelinga delta ved Avd. for hematologi og medisinsk fysikk, på videooverført undervisning frå HUS onsdagar og torsdagar kl 12:15–13:00.

Internundervisninga foregår for det meste som forelesning med påfølgjande

diskusjonar.

Alle legar som er til stades på jobb deltar i undervisninga, både overlegar og LIS. Det er leiar for utdanningsutvalet (dvs LIS) som avtaler med forelesarar og har ansvar for å følgje opp avtaler.

Mandagar kl 1215 – 1300 er kreftavdelinga med i fast regional videooverført undervisning i palliasjon. Denne kan LIS delta på der det er relevante tema og tid.

Det er ein rullerande to-års plan for internundervisninga. Planen er inndelt i tema/område for betre oversikt i høve måloppnåing. All undervisning foregår på kreftpoliklinikken sitt møterom, der det er utstyr til video-konferanse.

Kvar andre fredag er det 45 min felles undervisning for alle leger + evt anna helsepersonale ved sjukehuset. Varierende tema, der ulike avdelingar har ansvar for førelesing.

LIS har sjølv ansvar for å avtale evalueringssamtale med veileder og skrive referat, samt følgje opp at utdanninga følgjer spesialiteten sin målbeskrivelse. Utdanningsplanen vert evaluert og evt revidert i samband med spesialiteten si årlege rapportering. I tillegg evaluerer utdanningsutvalet planen to ganger pr år, og gjennomfører eventuelle endringar i planen.

LIS får permisjon til deltagelse på obligatoriske og tellende kurs, eventuelt faglig viktige møter/ internasjonale kongresser, med inntil 2 uker per år. Permisjon utover 2 uker kan vurderes ut i frå relevans, dersom den daglege driften tillater det.

Sidan dette er ny ordning vil ein erfare korleis ein kjem ut med antal timar undervisning per år. Evt legge opp til 20-30 minutt framlegging av case/ artikkel ein dag per veke.

Felles kompetansemål (FKM)

Måloppnåing må i høg grad integrerast i dagleg drift av avdelinga

Utdanningsansvarleg lege vil saman med leiar og LIS (leiar i utd.utvalet) sørge for at LIS vert involvert og deltek i forbetningsprosjekt, som til dømes; Trygg pleie, NEWS, antibiotikastyringssystem.

Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege

Kreftavdelinga sitt utdanningsutval består av avdelingsoverlege (onkolog, er medisinsk fagleg rådgjevar for avdelingssjef), overlege hematologi, overlege palliasjon og LIS som til ei kvar tid er i kreftavdelinga.

Leiarrolla går på omgang mellom LIS – legane, men prøver å ha ein leiar eitt år. Kreftavdelinga har eitt felles utdanningsutval for onkologi og hematologi. Palliasjon vart også inkludert i utdanningsutvalet frå 2016. Årleg revisjon av utdanningsplanen vert gjort i samband med rapportering om spesialistutdanninga. Utdanningsutvalet vurderer den teoretiske undervisninga og den praktiske opplæringa i kreftavdelinga og gjev framlegg til endringar, som vert fulgt opp så langt råd er.

Forskning

Som LIS2/3 er læringsmål FKM-LM 13 som gjeld forskningsprotokoll, lovverk og forskningsetikk tema, som del av obligatorisk gruppeveiledning for LIS2/3. Avdelinga har nokså begrensa forskningsaktivitet innan onkologi, men deltar i aukande grad i kliniske studier. Ein oppfordrar til deltaking i aktuelle studier. LIS kan sammen med veileder og leiar tildeles oppgåver innan relevante felt av fagutvikling og forbetningsarbeid. Nært samarbeid med studiekoordinator og studiesjuepleiar.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetting utarbeides ein individuell utdanningsplan for LIS, som viser kva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktiviteter og læringsarenaer), basert på kvar i utdanningsløpet LIS starter. Den individuelle utdanningsplanen utarbeides av LIS i samarbeid med veileder og evt. utdanningsansvarleg overlege. Planen skal godkjennes av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Oppretta nye lokaler for simuleringsaktivitet ved HF. For kreftavdelinga kan dette nyttast til f.eks. utfordrande samtaler, HLR, anafylaktiske reaksjoner, mikroskopering
Ynskjer å nytte dette i større grad

Tillitsvalgte

Vi har ikkje lokal YLF-tillitsvalgt ved kreftavdelinga, men tillitsvalgt er lett tilgjengelig ved medisinsk avdeling

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanningen ta kontakt med utdanningsansvarleg lege, eller avdelingssjef ved av delinga